



Alver kommune Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: c8e19e4f-0091-4333-a50b-5be7ae690afb

Vår: 20/7979 - 20/32596

Saksbehandlar:

Berit Eskeland

berit.eskeland@alver.kommune.no

Dato:

03.06.2020

## Uttale frå Eigedomshandling – Reguleringsplan Alverstraumen kai gnr/bnr 133/7 m.fl.

Vi viser til oversending av planforslag den 02.04.20.

### Våre vurderingar:

#### Veg og trafikk

Planforslaget legg opp til at kommunal tilkomstveg kan nyttast slik den er ettersom den vil få lite trafikk (jf. Planomtala s. 29) .

- Vi kan ikkje sjå at det er gjort noko berekningar av kor mykje trafikken vil auke som følge av utbygginga. Ei slik berekning bør gjerast før ein evt. kan slå fast at vegen kan nyttast slik den er utforma i dag.

#### o\_KV3

- Det er ikkje satt av areal til snøopplag. Slik snuhammaren er utforma kan det vinterstid bli liggande større mengder snø i enden av snuhammaren mot bustadene. Kommunen har ikkje utstyr til å fjerne snøen.

#### f\_P2-P3

- Vi syns ikkje det er ei god løysing å legge nokre private parkeringsplasser langs den kommunale vegen. Dette gjev fort ein «smitteeffekt» der fleire og fleire nyttar moglegheiten til å parkere langs kommunale vegen. Dette kan òg skape farlege situasjonar for mjuke trafikkantar og gjere det vanskeleg å kome fram og snu, spesielt for større køyretøy.
- Vi kan ikkje sjå at det i planen går fram kven som skal nytte desse plassane. Dersom dette er avklart bør det gå fram av føresegnene.
- Privat parkering bør løysast i parkeringskjellar/felles parkeringsplass.

#### o\_P2

- Det manglar spesifisering av storleik på HCP for å vise at kravet er oppfylt .

#### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

- Vi ønsker at storleiken på alle parkeringsplassane blir spesifisert med mål for lengde og breidde.

### Uteområde

o\_U

- I det vidare planarbeidet bør ein vurdere konsekvensane av å regulere store delar av uteoppfallsarealet rundt bustadblokkene som offentleg. Krav til kvalitetar og opparbeiding må gå tydeleg fram av planen og inngå som rekkefølgekrav der det er nødvendig.
- Så vidt vi kjenner til har det ikkje vore dialog med Eigedomsforvaltning om areal som i dag er privat eigd, men som i planen er regulert som offentleg.

### Grøntstruktur

Turveg

o\_T

- Vegen er svært bratt. Kommunen har ikkje utstyr til å vedlikehalde turvegen slik den er regulert.

Med helsing

Alver kommune Utbygging og avtalar

Line Merete Valle  
Tenesteleiar  
Utbygging og avtalar

Berit Eskeland  
Rådgjevar  
Utbygging og avtalar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Alver kommune Plan og  
byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG